



Juli 2015.

Denne månaden målte Joar 75 mm. nedbør.

Fjorden låg spegelblank mange av dagane no i juli, det freista til båtturar - gjerne fisketurar. Men fiskelukka er ikkje likt fordelt på alle.



Dagfinn og Aleksander er svært nøgde med dagens fangst, i tillegg til dei på bordet, er over førti makrell alt komne i frysen.

Litt av makrellen skal brukast til agn på lina om nokre dagar, då reknar fiskarane med å få opp både brosme og lange.



lasse

Blåbær

Trass i ein kjølig og lite solrik sommar er blåbæra oppover i Åsen no byrja å bli modne. Bæra er store, saftige, proppfulle av antioksidantar og står klare til å bli plukka. Dei er kanskje ikkje så søte som dei pleier, men det ordnar ein raskt med litt ekstra sukker i sylta.



Tekst og foto: Randi

Opprusting utafor butikken

Som dei fleste sikkert har lagt merke til, er vi i gang med eit prosjekt med å oppgradere uteområdet. Tanken var at dette kunne auke trivselen og betre synleg heita, og på den måten vere med på og betre lønsemda.

Vi har også fått installert sentralstøvsugar inne, og kjøpt mikrobølgeovn i kafeen. Det er dermed mogeleg å varme seg ein pizza eller ein annan enkel rett, og ete på staden.

Til desse investeringane har vi fått tilsegn om Merkur-støtte. For å få utbetalt tilskotet, må arbeidet og rekneskapet rapporterast ferdig. Det er utført mykje godt dugnadsarbeid, men på sist tillyste dugnad, møtte berre 2 stk opp.

Det som no gjenstår for å få det best mogeleg, er noko skrape/målingsarbeid. Om nokon er interesserte i å bidra til fullføringa av prosjektet, kan dei ta kontakt i butikken. Så får vi sjå om det blir fullført, eller vi skal late det bli slik som det er...

Joar -



Olsokgudsteneste på Sande

Om kvelden 29 Juli kl.18.00 var det Utegodsteneste på Sande hjå Ruth Sande.

Det var møtt fram omlag 35 stykker i eit flott sommarver. Runar Matsui-Li heldt gudsteneste like ved minnesteinen av Olav Sande.

Ruth hadde stelt og ordna området, og alle hadde ei fin oppleving i det velstelte parkområdet nedanfor husa.

Etterpå hadde soknerådet servering av kaffi og kaker.

Inge -



Fellestur over Storekusen og Brydalen

Ortnevik Grendelag stilte med 2 turguidar, Helge Ø. og Inge, då Høyanger og Balestrand turlag hadde fellestur over Åsen Olsok 29 Juli. Til saman var det med 16 spreke turfolk. Veret var med oss denne dagen, med bra temperatur og opphald.

Dei fleste som var med kom med ferja frå nordsida, og turen var ei ny oppleving for dei. Dei var positivt overraska av den flotte utsikta på det meste av turen.

Bygningsmassen på Vetlekusen vart også studert grundig, og brukt til matpause. På Storekusen hadde vi ein lang pause, og gruppebilde vart teke. Turen vidare til Brydalen, med ny pause, gjekk fint.

Då vi var tilbake i bygda vart det tid til ein is ved butikken. Alle var godt nøgde, og ville komme tilbake seinare

Inge --



Der ingen kunne tru at nokon kunne sykle

Det nokon vil kalle galskap eller tyleskap, synest Magnus(31) og Ole Kristian(24) er utfordrande og gøy der dei står og gjer seg klar til nok ein sykkeltur i Ortnevikfjella. Det byrja for to år sidan då Magnus hadde med seg sykklar til Ortnevik for fyrste gong. Då var det han og kona Anette som sykla opp Åsen til Storekusen fyrste gong. I år har vetlebroren hennar teke over som sykkelkamerat. I dag er planen å sykle opp i Brydalen, Brydalsstrupen, over Flugedalsfjellet, Storekusen og nedatt Åsen.

For å drive med stisykling nyttar det ikkje å komme med ein vanleg herresykel med gir. Sykkelen bør vere fulldempa (dempa både framme og bak). Sykkelen bør dessutan ha senkepinne slik at ein kan regulere setet heilt ned når ein skal stå i nedoverbakkar og få det oppatt i rett posisjon når ein treng det. I tillegg til sykkel må ein sjølvstakt bruke hjelm og vern på kne og albogar. Ryggen kan ein beskytte med ein ryggsekk med plate eller ein såkalla camelbak (ein pose med vatn i sekken som kan drikkast av viss ein er tørst og som også vernar ryggen).

Magnus og Ole Kristian seier dette om sykkelterrenget rundt Ortnevik: Terrenget oppe på høgfjellet er nydeleg å sykle på, både på sti og svaberg. Utsikta er like spektakulær som stien! Det er bratt og tungt å bære sykkelen opp, men som toppsturterreng er det kjempeflott med supre flytstier både på høgfjellet og ned frå Storekusen, spesielt siste biten frå Vetlekusen ned til campingvogna ved Storemyra.

Syklistane på høgfjellet.



Magnus på Blåfjellet



Ole ned Storekusen.

Tekst og foto:

Ole K, Magnus og Randi

Helsing frå Grendelaget og god sommar vidare!